

## Referat – Februar 2023

Dato: 07.02.23

Tid: 17:30 - 20:30

Sted: Skarstua/Eventyrlige Skaret

### Sak 11/02.23 Godkjenne innkalling

#### Vedtak:

Styret godkjenner innkalling til styremøte

### Sak 12/02.23 Godkjenning av referat fra styremøte 16.01.23

Referat fra styremøte 16.01.23 legges frem til godkjenning av styret

#### Vedtak:

Styret godkjenner referatet fra styremøtet 16.01.23

### Sak 13/02.23 Program for Tillitvalgtsamling 25.03.2023

Det vart under sak 04/01.23 beslutta at tillitsvalgt samlinga skal starte klokka 11 og vere ferdig til klokka 1800 med parallelle sesjonar undervegs. Med tanke på program kan det verte knapt å avslutte til klokka 1800 men det kan skje endringar då ikkje alle foredragsholdarar er stempla. Ønsket om å ha parallelle sesjonar må ivaretakast, det gir også ei fin anledning til å sy inn matpausene då eine aktiviteten inkluderar mat og resterande foregår på hotellet. Unntaket er skyteaktiviteten, men der er det mogleg å ta med seg lunsj frå hotellet til skytebana. Styret må gå igjennom forslaget til program og foreta nødvendige justeringar samt fastsette kven som har kva ansvarsområde. Eventuell transport til og frå aktivitetar må fastsettast.

Forslag til programoversikt:

1100 – Velkommen v/regionsleiar, informasjon om programmet

1130 – Høringsradaren, lokal påvirkning på prosessar – FNF og Ingbjørn

1200 – Pukkellaks - Øystein Hansen, forbundsstyret

1245 – Parallelle sesjonar (matservering):

Bålmat i Alexandraparken (Ole Henning og Kristian)

Fluebinding – demonstrasjon og workshop (Fiskeutvalget)

Skyting i Malmedalen (demo? Ansvarlig?)

Portalkurs, midler og tilskudd (Monica? + ?)

1700 – Blyforbud v/Vidar Nilsen

1730 – Randulf om elv?

1800 – Jakt jenter – Amalie Bjorøy

2000 – Middag

**Diskusjon:**

Det er ønsket lynkurs i våpenpuss og knivsliping. Det må avklares med en ekstern instans for å få løyve til dette i Alexandra parken. Knivsliping kan eventuelt tas innendørs.

Reidar ringer Espen Eide ang knivsliping.

Det vil være mulig her å ta med litt utstyr for salg. (slipestein, etc). Også avtale eventuelt honorar.

Det vil bli lagt opp to sesjoner på 2 timer med skyting. Resten blir det brukt fire sesjoner a 4 timer på.

- Randulf om elv?

Det blir snakk om hvordan mann/kvinne skal lese elv. Generelle fisketips og en skrøne?

- Skyting i Malmedalen – Reidar er ansvarlig, med Svein som hjelper.

- Kvinneutvalget tar ansvar for bålmat v/Turid og Tove?

- Vidar Nilsen om blyforbud – skal dette eventuelt taes via Teams? Eller skal vi ha inn Øystein Hansen til å snakke om sjøørreten?

Styret ønsker her at Øystein skal ta en prat om sjøørreten da Vidar ikke kan møte fysisk.

**Vedtak:**

Styret godkjenner følgande program og sender dette ut til lokalforeningane med god informasjon rundt tillitsvalgtsamlinga. Det vil bli lagt opp to sesjoner på 2 timer med skyting. Resten blir det brukt fire sesjoner a 4 timer på.

1100 – Velkommen v/regionsleiar, informasjon om programmet

1130 – Høringsradaren, lokal påvirkning på prosessar – FNF og Ingbjørn

1200 – Pukkellaks - Øystein Hansen, forbundsstyret

1245 – Parallelle sesjonar (matservering):

Bålmat i Alexandraparken (Ole Henning og Kristian)

Innføring i enkel knivsliping – Espen Eide

Fluebinding – demonstrasjon og workshop (Fiskeutvalget)

Skyting og lynkurs i våpenpuss i Malmedalen (Reidar og Svein)

Portalkurs, midler og tilskudd (Monica og Hans Martin)

1700 – Sjøørrett v/ Øystein Hansen

1730 – Fisketips og hvordan lese elv – Randulf Tverfjell

1800 – Jakt jenter – Amalie Bjorøy

2000 – Middag

### **Sak 14/02.23 Årsmøte 26.03.2023**

Styret beslutta på styremøte 16.01.23 å sende inn to saker til årsmøtet:

1. Kontingentsatser
2. Vedtektsendring for tillegget til §7 Regionlagets styre.

Forslag til årsmøtesaker er vedlagt i innkallinga.

#### **Vedtak:**

Styret godkjenner forslaga til årsmøtesaker og legger desse fram for årsmøtet.

### **Sak 15/02.23 Deltakelse frå Forbundsstyret på årsmøtet**

NJFF sentralt har tildelt oss Øyvind Hansen frå Forbundsstyret til å delta på årsmøtet vårt. Øyvind er suveren på foredrag om pukkellaks og kan vere eit godt innslag på tillitsvalgtsamlinga. Styret må ta høgde for om det er ønskeleg at Øyvind skal delta på årsmøtet vårt, og eventuelt få holde foredrag på tillitsvalgtsamlinga, eller om vi ønsker å få besök av nokon andre frå sentralt.

#### **Vedtak:**

Styret ønsker Øyvind frå Forbundsstyret velkommen til årsmøtet og sender ein forespørsel om han vil holde foredrag på tillitsvalgtsamlinga.

### **Sak 16/02.23 Ordstyrer til årsmøtet**

Styret må legge fram forslag til ordstyrar til årsmøtet. Hans Martin Dypvik har vorte spurt og har takka ja dersom styret ønsker det. Styret må ta stilling til om dei ønsker å foreslå Hans Martin eller andre kandidatar.

#### **Vedtak:**

Styret foreslår Hans Martin Dypvik til ordstyrar til årsmøtet. Roger Hustad vert spurt om Hans Martin ikkje kan delta.

### **Sak 17/02.23 Medlem i valgkomiteen**

Karstein Yttervik i valgkomiteen er på val og styret må ta stilling til om vi ønsker å foreslå ein ny kandidat eller spørje Karstein om gjenvalg. Dersom styret ønsker å foreslå ein ny kandidat bør ein prøve å ta høgde for den geografiske fordelinga som er i dag.

#### **Vedtak:**

Styret ønsker at det finnes en eventuell erstatter dersom Karstein ikke ønsker å fortsette. Skulle han ønske å fortsette så er dette selvsagt ønsket. Hans Bjarne Tennøy spørres om å være erstatter.

### **Sak 18/02.23 Tildeling av innsatsmedalje på årsmøtet**

NJFF sin innsatsmedalje kan tildelast tillistvalge og frivillige på forenings-og/eller regionsnivå. Lokalforeningar fremmar forslag til kandidatar til regionslaget som avgir stilling til Forbundsstyret, kandidatar frå regionslaget vert fremma for Forbundsstyret. Alle forslag til kandidatar må ha eit begrunna forslag for enten langvarig innsats eller ekstraordinær tidsbegrensa innsats.

Dersom nokon i styret har kjennskap til nokon som oppfyller kriteriane og som dei meinar fortinar ei hedring så er det ønskeleg å få forslag på dette samt cv/merittliste for innsats på regionalt nivå.

Vedlagt i innkallinga er kriteriane for tildeling av NJFF sin innsatsmedalje.

**Vedtak:**

Regionstyret legger frem forslag om Oddbjørn Opstad, Reidar Strand, Per Gunnar Vidhammer og Einar Arne Ytrelid.

Det er ønskelig at disse sender inn en CV for sitt arbeid i NJFF. Ikke bare verv, men også deltakelse ved ulike ting. Dette må behandles innen 2 mars.

**Sak 19/02.23 Årsmøter i lokalforeiningene og representasjon fra styret**

Styret har tidlegare meldt si interesse til lokalforeiningane om å delta på deira årsmøter, enten som reine observatørar eller som foredragshaldar der ein f.eks informerer om regionlagets aktivitetar og målsetningar. Deltakelse på lokalforeiningane sine årsmøter er ikkje alltid lett å planlegge då desse vert gjennomført til varierande tider, men styret må ta stilling til om vi skal melde vår interesse til deltakelse og kven som planlegg å delta kvar. Ein slik plan kan vere heilt generell og justerast underveis dersom ei lokalforeining f.eks kjem med ønske om deltakelse/innspele frå eit spesifikt fagutval.

**Vedtak:**

Styret har invitert seg sjølv til lokalforeiningane sine årsmøter. Fram til styret mottar fleire ønsker om deltagelse så stiller desse så langt det lar seg gjere:

- Randulf ønsker å stille hos Ålesund og tar kontakt med disse selv.
- Vi ønsker å invitere oss selv til Skodje V/Kristian.
- Monica ønsker å reise til Aure og Sunndal.
- Sivert og Kristian reiser til Surnadal.
- Kristian Holmen reiser til Averøy.

**Sak 20/02.23 Husleige for Molde JFF på Skaret**

Etter vedtak frå sak 10/01.23 skulle Molde JFF få legge fram eit forslag til ny årleg leigepris for Skaret. Molde JFF har kome med ei tilbakemelding om at dei er villige til å auke årsleiga med 1.500kr, altså vert den nye leiga på 16.500kr. Dette tilsvarar 10% auke i leiga og vilkåra vil vere dei same som tidlegare som blant anna inkluderar prisregulering i samråd med Molde JFF. Kontrakt med Molde JFF er vedlagt innkallinga.

**Vedtak:**

Styret godkjenner ny årleg leigepris til Molde JFF på 16.500kr.

**Sak 21/02.23 Leige av lokaler på Skaret**

Leigeavtala for Skaret varar ut 2023 og styret må ta stilling til om det er ønskeleg å fornye avtala for å behalde Skaret som regionskontor eller om vi ønsker å sjå etter

nye lokaler. Ved fornying av leigeavtale bør det gjennomgåast eventuelle byggtekniske utbetringar. Leigeavtale for Skaret er vedlagt innkallinga.

**Vedtak:**

Styret går i forhandling om fornying av avtalen. Sivert tar en prat med utleiger om byggetekniske forbedringer.

**Sak 22/02.23 Nye panelovnar til Skaret**

Straumprisane for 2022 viste at der er potensiale i betre utnytting av straum på Skaret. Dette gjeld spesielt vinterhalvåret der det ofte er kaldare på kveld/natt, noko som også viste igjen på at straumforbruket var størst på kveld/natt. Balansen mellom varmeeffekt og oppvarmingsbehov er vanskeleg å få til slik ståda er no utan at det går utover arbeidsforholda på Skaret. Derfor bør det vurderast om ein kan ta grep som kan slå ut positivt på både straumrekning og arbeidsforhold.

Forslag til panelovnar som er eigna for vårt bruksområde er: Mill Invisible Wifi og Adax Neo. Pris pr stk er inntil 2500kr for dei største på 2000w. Effekta må tilpassast romstørrelsen og størrelsen på sikringane. Pr i dag har vi 4 panelovnar på henholdsvis 1000-1200w.

Anbefalt nattsenk er 4°C for panelovnar og ingen for varmepumper mtp energieffektivitet, ref. energirådgivar Møre og Romsdal fylkeskommune.

**Vedtak:**

Styret godkjenner innkjøp av nye panelovnar/varmekilder med wifi/smartstyring og gir administrasjonen ansvar for å drifta dette kostnadseffektivt. Det settes av 10.000kr til dette.

**Sak 23/02.23 Ny Organisasjonsinstruktør**

Etter at Leslie ba om å verte fristilt frå sine verv på grunn av situasjonen på heimebane har vi hatt ein mindre organisasjonsinstruktør i Regionslaget. Pr i dag har vi Hans Martin på Sunnmøre og Ole Mathias på Nordmøre. For å gi god nok dekning til lokalforeningane våre er det ønskeleg å få på plass ein tredje person. Bård Andreassen frå Surnadal har vorte forespurt og vil ta på seg vervet om styret godkjenner det. Styret må derfor ta stilling til om Bård er aktuell som organisasjonsinstruktør eller om vi ønsker nokon andre.

**Vedtak:**

Styret godkjenner Bård Andreassen som organisasjonsinstruktør for regionslaget og sender han ein offisiell forespørsel.

**Sak 24/02.23 Innkjøp av konferansekamera**

I dagens teknologiske kvardag vert det stadig brukt digitale hjelpemedialer som f.eks Teams ved styremøter, samlinger og konferanser slik at vi kan ha deltakarar/foredragsholdarar utan at dei er til stades. For at dette skal fungere best

mogleg og gi deltakarane ein god opplevelse anbefalast det å gå til innkjøp av eit konferansekamera som er eigna til bruken.

**Vedtak:**

Styret budsjetterer med 10.000kr til innkjøp av konferansekamera til bruk ved samlinger etc.

**Annet:**

**Muntlige orienteringer:**

A Jaktterrenget på Frei

B Rovviltforvaltning i Møre og Romsdal

Referent: Joakim Pettersen

